

Førebur ny, god båtsesong

28.03.2009



Kåre Rød gjer ein stor jobb med å skaffa den nye flytebryggja skjørt. (Foto: Ola Matti Mathisen).

I det strålende vårveret laurdag har seks-sju eldsjelar i Uskedal Båtlag stilt opp i båthamna og førebudd ein ny, god sesong. Dei har grunn til optimisme, for i fjor fekk hamna ein tredjeplace i kåringa av beste båthamn i landet og 1.150 gjestebåtar var innom.

I år stillar hamna i ein enda høgre divisjon, mellom anna fordi det elektriske opplegget er rusta opp i heile anlegget.



Høgtrykkspyling av slippen er ein av våroppgåvene. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sesongen startar for alvor med påska og nyvalt leiar Rolf Myklebust håper på stort innrykk frå palmehelga. Han minner mellom anna om at ordninga med å nytta skule-elevar som hamneverter fungerte bra i fjar og vil bli gjentekne i år. Det betyr at Ann Mari Kristoffersen og Hanne Kjærland vil fylle denne funksjonen også i sesongen som no kjem.



Jan Henrik og Liv Jorunn Hansen raka lauv i båthamna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ei viktig produktforbetring som kom i fjor var breiband-dekninga og i denne sesongen kjem det kanskje nye servicetiltak utan at det er mogeleg å gå i detalj om dei førebels.

Eit anna "prosjekt" som enno ikkje er avklara er om det blir bryggjedans denne sommaren. Båtlaget har stilt seg positivt til eit slikt arrangement, men berre hvis det blir et samarbeid med Aktivitetshusets Damevenner. Og førebels saknar dei svar frå denne ihuga organisasjonen.

Det er så mangt som skal gjerast av vårarbeid også i ei båthamn. Laurdag har til dømes Kåre Rød halde fram med å spikra skjørt på den nye, solide flytebryggja. Det er inga lita oppgåve, ho tek fleire dagar.

Høgtryukkspyling av anlegget og då også av slippen har vore ei anna oppgåve under vårdugnaden og det har sjølv sagt også vore raka lauv i anlegget.

Eit sikkert positivt varsel om ein god sesong er at skjorene allereie er på plass i "bustaden" sin og også tar sin tørn med opprustinga!

Av Ola Matti Mathisen